



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 04.07.2016
Vår ref.: 2016/4934-9
Saksbehandlar: pernord1
Dykkar ref.:

Partnerskap i kommune og tettstadplanlegging i Hordaland 2016 - Tilsegn om tilskot inntil kr 100 000 til prosjektet: "Frekhaug sentrum - gode utandørs møteplassar og gangsoner "

Vi har gleda av å melda at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 100 000 til prosjektet: «Frekhaug sentrum – gode utandørs møteplassar og gangsoner».

Vi viser til søknaden dykkar datert 08.06.2016. Det er gjort administrativt vedtak innanfor budsjetttramma for partnerskap i kommune- og tettstadutvikling. Tilskotet er ein del av fylkeskommunen sitt langsiktige arbeid for attraktive og funksjonelle tettstader og byar. Vi har ikkje sett oss i stand til å støtta prosjektet fullt ut i samsvar med søknaden, noko som resulterer i at finansieringsplanen må justerast, alternativt at prosjektkostnaden må reduserast.

Tilsegna gjeld til 15.11.2016.

1. Prosjektgrunnlag

Frekhaug er kommunesenter i Meland kommune. Det er utarbeidd ein stadanalyse i 2009. I 2014 vedtok Meland kommune ein områdereguleringsplan for Frekhaug sentrum. I denne planen vert det lagt opp til at det skal etablerast gode utomhus møteplassar og gangsoner i sentrum. I det vidare planarbeidet vert det lagt vekt på å ta med aksen sentrum – kaien.

Målet med prosjektet er å etablere ein utomhusplan for sentrum som eit reiskap for å «Vidareutvikla og styrka Frekhaug sin identitet som attraktiv tettstad, og som kommunesenter».

Utomhusplanen skal syna prinsipp for lyssetjing, leikeareal, beplantning og møblering. Planen skal og fastsetja prinsipp for gode gangstrukturar og blå-grøne strukturar. Planen skal syne ei fasedelt opparbeiding. Planen skal visast i kart.

Kommunen er ansvarleg for planarbeidet, men peikar særleg på samarbeid med sentrumsforeininga.

Vurderingar og innspel

- Prosjektet er vurdert som relevant og godt forankra.
- Prosjektet har konkret lokal nytteverdi, men og overføringsverdi.

- I tillegg til tema kommunen har nemnt under prinsipp vist i utomhusplanen slik kommunen har lista opp dette bør det takst med; sykkelstrukturar, opphalds- og møteplassar, universell utforming og inngangsoner.
- Prosjektet er relevant for ulike brukargrupper; born, unge, og eldre bør ha særleg fokus.
- I prosjektet bør det involverast landskapsarkitekt.
- Prosjektet bør resultera i ei enkel «kvalitetshandbok» for opparbeiding av utomhus møteplassar og gangsoner i sentrum.
- Det må vektleggjast høg kvalitet.
- Stadeigen kvalitet bør synleggjerast og vektleggjast.
- Det må leggjast vekt på universell utforming.

2. Prosjektorganisering

Prosjektansvarleg:

Meland kommune.

Prosjektleder:

Kristin Nâmdal, samfunnsplanleggjar: kristin.namdal@meland.kommune.no tel. 47466296

3. Godkjende kostnader og finansieringsplan

Budsjett (NOK)		Finansiering (NOK)	
Prosjektkostnad (konsulentonorar)	250 000	Hordaland fylkeskommune, partnerskapsmidlar/tettstadmidlar	100 000
Eigeninnsats, møteverksemd o.l. Meland kommune	50 000	Eigenfinansiering konsulentkostnader Meland kommune	100 000
		Eigeninnsats Meland kommune	50 000
		Anna finansiering/Meland kommune	50 000
Sum	300 000		300 000

4. Vilkår for tilskotet

- Tilsegnsmottakar må signera vedlagt akseptskjema og senda dette til Hordaland fylkeskommune innan 3 veker; hfk@hfk.no.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan og resultera i ein konkret utomhusplan som legg til rette for fasedelt opparbeiding.
- Planen skal synleggjerast gjennom kartpresentasjonar, og bør elles illustrerast på ein pedagogisk måte, t.d. ved bruk av foto.
- Hordaland fylkeskommune v/planseksjonen skal inviterast til å delta i den tverrfaglege arbeidsgruppa.
- Det er ein føresetnad at prosjektet vert finansiert slik kostnads- og finansieringsplan viser, evt. med reduserte prosjektkostnader tilsvarende «Anna finansiering/Meland kommune» om denne finansieringa ikkje kan skaffast.
- Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollera at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast tilbake snarast.

Profilering

- I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet pliktar tilskotsmottakar å informera tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Rapportering

- Så snart prosjektet er avslutta **skal** tilsegnsmottakar sende **sluttrapport** til fylkeskommunen. Dette gjeld for alle prosjekt.
- Sluttrapporten skal seie noko om:
 - Bakgrunn for prosjektet
 - Mål for prosjektet
 - Oppnådde resultat
 - Vurdering mot oppsette mål
 - Oppsummering av prosjektarbeidet (organisering, sterke/svake sider ved prosjektet, ikkje planlagde resultat, informasjon m.v.)
 - Eventuell vidareføring av prosjektet

Utbetaling

- Tilsegnsmottakar skal så snart prosjektet er avslutta sende sluttrapport og signert sluttrekneskapskjema for prosjektet til fylkeskommunen (vedlagt). Dette gjev grunnlag for utbetaling. Sluttrekneskap på NOK 100 000 eller meir må vera attestert av revisor.

5. Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Tina Sinclair, epost: tina.sinclair@hfk.no
tel. 55 37 80 34

Vi ser fram til vidare godt samarbeid og ynskjer lukke til med gjennomføringa av prosjektet!

Eva Katrine Ritland Taule
Konstituert plansjef

Per Nordmark
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vi ber om at De signerer og returnerer følgende standardvilkår som ei stadfesting på at De har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at De tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Standardvilkår for Partnerskap i kommune- og tettstadsplanlegging i Hordaland

Prosjektnamn "Frekhaug sentrum – gode utandørs møteplassar og gangsoner»
Meland kommune

Tilsegningsnr. 2/2016 Tilskot inntil kr 100.000

Vår ref.: 2016/4934

Fyllast ut av tilsegnsmottakar:

Tilsegnsmottakar: _____

Postadresse: _____

Kontaktperson: _____

Telefon/telefaks: _____ E-postadresse: _____

Org.nr. _____ Kto.nr.bank _____

VILKÅR FOR TILSKOTTET: 3. VILKÅR FOR TILSKOTET

Generelle vilkår

- Større endringar i prosjektplanen, herunder endringar i budsjett eller finansieringsplan, skal etter søknad frå tilsegnsmottakar godkjennast av fylkeskommunen. Slike endringar må vere handsama som eiga sak i styringsgruppa i prosjektet.
- Føresetnaden for fylkeskommunen si løyving er at prosjektet vert finansiert slik godkjend finansieringsplan ovanfor viser. Fylkeskommunen sin finansieringsdel kan dekkja **inntil 50 %** av godkjende kostnader.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan. Om dette kravet ikkje er oppfylt, kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta.
- Hordaland fylkeskommune deltek i prosjektgruppe for prosjektet.

Profilering

- I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Prosjektavslutning og sluttutbetaling

- Tilsegnsmottakar skal sende søknad om sluttutbetaling, saman med sluttrapport og sluttrekneskapsskjema, til fylkeskommunen straks prosjektet er avslutta. Dette må skje **seinast innan 1. desember 2016**.
- Sluttrapporten skal innehalde desse punkta:

- ◇ Bakgrunn for prosjektet
- ◇ Oppsummering av prosjektarbeidet

- ◇ Målsetjing med prosjektet (organisering, sterke/svake sider ved prosjektet,
- ◇ Oppnådde resultat ikkje planlagde resultat, informasjon m.v.)
- ◇ Vurdering mot oppsette mål ◇ Eventuell vidareføring av prosjektet

- Signert [Sluttrekneskapsskjema \(vedlagt\)](#) gjev formelt grunnlag for endeleg utbetaling. Tilsegnsmottakar skal senda utfylt skjema til Hordaland fylkeskommune saman med søknad om sluttutbetaling.
Merk! Revisor skal attestere sluttrekneskapen for tilsegn frå og med kr 100 000,-.
- Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Evt. for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Kontroll:

- Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at De pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Riksrevisjonen har også høve til slik kontroll, jf. Stortinget sitt løyvingsreglement §10.

Stad:..... Dato:.....

Signatur:.....

Prosjektansvarleg

Returadresse:

hfk@hfk.no

Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen

Partnerskap i kommune- og tettstadsplanlegging i Hordaland

SLUTTREKNESKAPSSKJEMA

Prosjektnamn: »Frekhaug sentrum – gode utandørs møteplassar og gangsoner»

Meland kommune

Tilsegnsnr. 2/2016 Tilskot inntil kr 100.000

Vår ref.: 2016/4934

Fyllast ut av tilsegnsmottakar:

Org.nr. _____ Kto.nr.bank _____

Namn: _____

Postadresse: _____

Kontaktperson: _____

Telefon/telefaks: _____ E-postadresse: _____

SLUTTREKNESKAP:

Rekneskapen under skal setjast opp etter same oppsett som er nytta i søknaden:

Budsjett:			Finansieringsplan:		
Budsjettpost	Rekneskap	Budsjett	Kjelde:	Sluttfinansiering	Budsjett
			HFK, Partnerskap 2016		

Godkjent av prosjektleiar: _____
dato _____ signatur og stempel _____

Godkjent av prosjektansvarleg: _____
dato _____ signatur og stempel _____

ATTESTASJON AV REVISOR.

GJELD BERRE FOR TILSEGN FRÅ OG MED KR 100 000,-.

Føremålet med revisor sitt arbeid og rapportering for prosjektet, er å stadfeste økonomisk informasjon registrert i sluttrekneskapen.

Revisor skal utføre kontrollar som gjev tilsegnsyttar ei forvissing om at inntektene/finansieringa og kostnadane i prosjektet er fullstendige og reelle, dokumenterte og korrekt registrerte i rekneskap/prosjektrekneskap.

Avtalte kontrollhandlingar opp mot sluttrekneskapen for prosjektet er gjennomført.

Godkjent av revisor: _____
dato _____ signatur og stempel _____

Returadresse:

hfk@hfk.no

Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen